



VINJE

«mottakernavn»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»
«KONTAKT»

Dato: 03.03.2025
Vår referanse: 2025/713-1
Sakshandsamar: Aud Irene Kittelsen

Uttale knytt til budsjettvedtak for 2025 - vurdere overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslag til Vinje kommune

I budsjettmøte 17.12.24 vedtok Vinje kommune følgjande for budsjettet i 2025:

1. Kommunestyret ber administrasjonen presentere ei sak i løpet av 2025 som vurderer overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslag til kommunen.

På bakgrunn av dette ynskjer administrasjonen at idrettslaga gjer ei vurdering/handsaming i laga om korleis dei stiller seg til ei kommunal overtaking av fotballbanar og skianlegg som idrettslaga eig. Det er ynskjeleg med eit innspel som er godt grunna og som tydeleg synar idrettslagas vurdering.

Vedtaket i kommunestyre seier ikkje noko om omfang av skianlegg men følgjande anlegg blir her lagt til grunn:

Edland fotballbane – banen ligg ved skulen, IL Rein
Edland skianlegg – Sundflaten ljosløype og skianlegg, IL Rein

Åmot fotballbane – banen ligg ved skulen, Vinje IL
Åmot skianlegg – Brubakk, Vinje IL

Rauland fotballbane og ballbinge – banen ligg ved skulen, IL Dyre Vaa
Rauland skianlegg – Rulleskiløypa med tilhøyrande ljosanlegg og ljosløype øvre og nedre del, IL Dyre Vaa
Øyfjell skianlegg – ljosløype Øyfjell, IL Dyre Vaa

Om det er andre anlegg dykk meiner også fell inn under vedtaket til kommunestyret, og bør takast med i ei vurdering, så er det fullt mogeleg å ta med desse.

Vurderinga/handsaminga frå laga kan sendast på e.post til postmottak@vinje.kommune.no og merkast med: **overtaking av fotballbane og skianlegg frå idrettslag til Vinje kommune**

Frist for attendemeldinga til kommunen er 10. april.

Saka vil bli tatt opp til handsaming i årsmøte til Vinje idrettsråd i slutten av april. Vedtaket frå årsmøte vil bli nytta i eit saksframlegg til kommunestyret.

Med helsing

Aud Irene Kittelsen

næringsrådgjevar

Åge Verpe

kommunalsjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knut R. Garnes

Ingrid S. Tveito

Ingar Bjørnø

Britt Marie Staaland